



Lindås Turlag  
c/o Håkon Vabø  
Kolåsvegen 115  
5955 Lindås  
hakon.vabo@gmail.com

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2796 - 23/28306

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
14.04.2023

## **Løve til helikoptertransport i utmark - Lindås Turlag - GNR 107, Kolås - Vardefjellet**

**Administrativt vedtak: Saknr: 392/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Alver kommune med dette Lindås Turlag løve til landing og start med helikopter frå/til opplyst punkt på kart (Gnr 107 Kolås) i søknad til dei plasser i stinettet dei naudsynte materiala skal brukast, rundt dagsturhytta på Vardefjellet.


Løve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løvet skal bringast med under oppdraget og kunne visast fram ved kontroll.
- Det skal førast logg for løfta. Loggen skal innehalde dato for flyging, tal turar og tid på døgnet.
- Landing/ start skal gjennomførast i perioden 17.04.2023 – 15.05.2023.
- Inntil 40 hiv.
- Det skal takast særskild omsyn til naturverdiar, beitedyr, friluftsliv og liknande ved flyging og landing.

Grunngjeving for løve går fram av saksutgreiing og vurdering.

### **Saka gjeld:**

Lindås Turlag søker i epost dagsett 11.04.2023 om løve til helikoptertransport. Det er søkt om helikoptertransport av stein og grus til vedlikehold av turstienett rundt dagsturhytta på Vardefjellet i Alver kommune. I samband med stolpejakta har det vert stor slitasje på stiane. Utflyging vert planlagt frå Gnr 107 Kolås markert på vedlagt kart. Planlagt transport er perioden 17.04.2023-15.05.2023. Det vert planlagt å bruke Airlift AS til oppdraget. Søknad gjeld Ca 40 hiv. Det vert innhenta løve frå grunneigar der på opplasting plassen og transporten er avklart med dei som har beitedyr i området.



#### **VURDERING:**

Motorferdsel i utmark er regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Lova har som føremål å regulere motorferdsel ut frå ei samfunnsmessig heilheit med sikte på verne om naturmiljøet og fremje trivselen, jf. § 1. Etter lovas § 2 er helikopter omfatta av lova. § 2 i lova gjeld kva som kan definerast som utmark, ein skal nytta same definisjon som i friluftslova § 1 første ledd. Med utmark er meint udyrka mark som ikkje vert rekna som innmark. Arealet i denne saka er utmarksareal. Etter § 3 er motorferdsel i utmark og vassdrag ikkje tillate med mindre anna føl av lova eller vedtak med heimel i lova.

Ei landing med helikopter blir ikkje omfatta §§ 4 og 4a som definerer lovleg motorferdsel i utmark, og er difor søknadspliktig. Landing er og henting og bringing av passasjerar og gods, sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer. Det opnast for løyver etter søknad i lovas § 6. Paragrafen opnar for at når særlege grunnar føreligg kan kommunen gi løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikkje kan finna stad med heimel i lov eller forskrift. Høve til å gi dispensasjon må praktiserast i lys av lova sitt føremål om å redusere motorferdsla til eit minimum.

Administrasjonen meiner at det i denne saka vil vere snakk om ein særleg grunn som opnar for bruk av lovas § 6.

Administrasjonen viser til Rundskriv T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82, kapittel 8.5 tillatelse til bruk av motorfartøy og luftfartøy. Der står det: «Ved vurdering av om "særlege grunner" foreligger, vil det være av betydning om motorferdselen er nødvendig og har et nytteformål.»

Dersom krav til særlege grunnar er oppfylt, må det gjerast ei samla vurdering av saka mot lova sitt føremål, jf. rundskriv T-1/96. Administrasjonen meiner det ligg føre særlege grunnar i saka fordi det er eit nyttig føremål og er naudsynt. Terrenget er utfordrande og transport er sær tungvint og tidskrevjande utan helikoptertransport. Turstinettet til Kolåstoppen og

dagsturhytta er særst populært turområde og ein viktig bidragsytar til god folkehelse og trivnad. Det er store samfunnsinteresser i at arbeidet vert utført.

Søknaden skal vurderast etter Naturmangfaldslova NML §§ 8-12 jf. § 7 i naturmangfaldlova. Kommunen har gjort søk i Artsdatabanken og naturbase, og det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. Kommunen meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei omsyna som naturmangfaldslova §§ 8-12 skal ta vare på.

Administrasjonen kan ikkje sjå at transporten kjem i konflikt med naturverdiar i området. Sjølv gjennomføringa vil medføre noko støy, men administrasjonen viser til at det vil vere i ein svært avgrensa periode og difor ikkje medføra unødig uroing. Naboar vert varsla og transporten er avklart med dei som har beitedyr i området.

Dette løyve gjeldt dispensasjon frå motorferdselslova. I tillegg må søkjar ha løyve frå grunneigar.

### **Regelverk**

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/28306

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

hakon.vabo@gmail.com